

Attersyn Sykkylven Rotary Klubb 60 år.

Å bli spurd om å gje eit attersyn over Sykkylven R.klubb si tt liv og virke frå Charterdato og fram til i dag ;er både spennende og utfordrende for meg.

Og i det fylgjande kan du vel tenkje slik at dette var Ove sine auge på historia.

Og det er nettopp det eg vil gjere. For eg har ikkje historikeren sin bakgrunn for å forme stoffet. Og har heller ikkje stor nok avstand til stoffet til å vere upåverka av det skjedd desse åra. Derfor må det bli *mitt* valg av stoff som her kjem fram. Stoffmengda som eg har til disposisjon, samt "levd liv" i klubben gir egentleg grunnlag for mykje meir omtale av klubben sitt liv enn det eg i dag kan ta fram. Ei tidsrame på attersynet set sjølvstekt nokre grenser.....

Som innleiing på dette attersynet vil eg prøve å setje ord på korleis Sykkylvsbygda var dette stiftingåret. Korleis ein kunne sjå stiftinga av ein Rotaryklubb gå føre seg..... Og vi er i ei tid det på Sunnmøre var tre R.klubbar: Ålesund ,Volda og Ørsta.

Sykkylven var i stiftingsåret til Rotaryklubben,er godt inne i endringa frå å vere eit bondesamfunn til å bli eit industrisamfunn, men fortsatt var der både store og små verksemder. Her var enno att nokre av desse kjellererverk-semdene, med 1 -3 til 4 tilsette. Og store og små bedrifter var spreidd ut over heile bygda. Verksemdene låg i hovudsak langs med fjorden,naturleg nok. Fjorden har gjennom tidene vore den viktigaste ferdsselsåra.Slik også i Sykkylven, rundt 1956.

"Jarnesbåtane","Tynesskuta" og MRF sin rutebåtar tok i hovusak seg av dei ferdige produkta,og førde dei vidare. Og framføre båtferda så var pakkhuset stuvande fullt.Her lagra dei møblar til langt opp under taket. Deretter var det med handemakt og sekkehjul å få møblane bort til skipssida. Og kvar blei dei av då desse møblane ? I all hovudsak til adresser innanlands. Eksportkontor hadde ein nok berre høyrte om frå aviser og radio.For langt inne på 60 talet var kun ein mann på "J E Ekornes" som var eksportkontor. Det var Per Alvestad. Men noko er i emning: Eksport var noko som fleire tenkte på. VestNoFa blei skipa dette året. Her hadde Fredriksenbrødrene på "Vestlandske" ei sentral rolle. Dei såg kva som måtte kome.

Eit anna særtrekk i denne tida, rundt 1956, var at ein omkring i bygda var "sjølvhjelpete" på mange vis. Dei forskjellige grannelaga hadde sitt fotballag. (Rett nok var VIL og Ringen blitt VRF i 1952)Kretsen hadde sitt musikkorps.sitt helselag,si misjonsforening, sitt brannvern.(Pumpa var lagra i "stallane" som vi sa.(stallar for hestane framma dala) Og på det politiske plan var der i hovudsak kretslistar.Kansje var der ei Arbeiderpartiliste som den første av det som avløyste kretslistene. Det som sermerkte dette var at langt fleire enn i dag tek del i ;og måtte ta del i; det som skjedde i sitt nærrområde. "Framandgjerding" hadde vi ikkje høyrte om ein gong. Og i Straumgjerde heldt "Per post" god kontroll med kven som dette året skulle brette opp armene å gjere ein innsats for feiringa av 17.mai. Dugnadsboka, eg hugsar den godt enno, ga svaret om kven som hadde vore med på "å gjort si plikt for fedrelandet" dei siste åra.

Om kommunikasjonane i 1956 og om korleis det var å samle folk til eit Rotarymøte blir litt synsing frå mi side. Vi veit at det først 1960 vart opna for at folk flest kunne kjøpe seg eigen bil. Og ser vi på samansetjinga av charter - medlemmane ,kan det sjå ut som det var 5 som var rekrutterte utanom sentrumskretsen. Av desse var det ein veterinær og ein byggmester(Straumgjerde) ein heradsagronom og ein rutebiltdisponent (Velledalen)ein førande møbelfabrikkdisponent (Ikornnes)

Sjølv hugsar eg godt den vesle tippbilen til byggmesteren frå Straumgjerde..... Det er nokså sikkert at dess fem var sjølvhjelp med transport. Og i ettertid kan ein spørje seg om eigen bil låg til grunn som eit av kriteria for å bli spurd om å bli medlem i dette **nye dei kalla Rotaryklubb** .

Frå det jubileumsskriftet som blei laga til 50 års jubileet kan vi få god informasjon om kven som var "nærkone"/fødselshjelpar då klubben blei skipa. Eg vil her berre nemne Ålesund Rotaryklubb si sentrale rolle her.

Det er grunn til å tru at skipingstanken vart drøfta mann og mann i mellom nå dei seinare sentrale folka i klubben møttest. Slike høve kunne vere kommunestyremøte, industrilagsmøte, "på kirkebakken" kanskje. Vi er inne i ei tid der ein gav seg bedre tid på slike møter enn i dag. Og truleg var røykepauser og matpauser slik anledningar til slå av ein prat. Kanskje var kafe "Palmen" seinare Roaldkafeen den tidas "Lorry" eller "Tostrupkjeller.

Ser ein på samansetjinga av chartermedlemslista opp i mot kommunestyre og andre tillitsverv der folk møttes så ser vi at i desse tillitsverva møttes der mange som skulle bere klubben vidare. Men her er det også lege, veterinær lensmann, heradsagronom; og andre med sentrale posisjoner i bygda. Denne samlinga av mannfolk, med stor innflytelse i bygda, kunne nok føre til at der hjå mange såg på dette som ein konkurrent til dei vanlege styringsorgana i bygda. I allfall som ein meingsberar. Det fekk vi bevis for allereie året etter. Symbolverdien av å ha den gong så flotte kommunstyresalen som møtelokale for klubben førde til at der kom lesarinnlegg i Sykkylvsbladet om at bruken av "kommunen si bestestove" til klubbmøte som ikkje var bra. Og på R.møte 22.febr. 1958 blei det vedteke å flytte møta over til Sykkylven Sparebank sine lokaler.

Elles kan det nemnast at der i Eldar Høidal si bok om "Sykkylvsbladet", "Med lim og lupe" i sidene for 1956, ikkje er nemt noko om skipinga av R.klubben. Men nemner at Jens E Ekornes gjeng av som ordfører, og Fritjof Fredriksen, tek over som ordfører, blir omtala. Desse to var chartemedlemer i Sykkylven Rotaryklubb. Kanskje kan synet på Rotaryklubben og skepsisen ha ein samanheng med at det først i 1959 vert nemt noko om utadretta verksemd i referata frå klubbmøta. Det er speidarørsla som her vert blåst liv i. Og det er PKToresen og Lars S Grebstad som står for dette. Det vidare arbeid som blei lagt ned for speidarane gjennom "Speidarbo" hadde nok ei posetiv virkning for forståelse av klubben sitt formål og virke

For" eiga rekning", vil eg nemne at denne skepsisen overfor Rotaryklubben heldt seg til langt inn på 70 -80 talt. Heldigvis er dette ein noko som ein knapt høyrer i dag

At tanken om å arbeide gjennom Rotaryørsla for god yrkesetikk, slo rot i Sykkylven har vi godt grunnlag for å slå fast. At den fine balansen mellom det å gjere noko for andre opp imot det å ha ein god møteplass der ein kan utvile seg som medmenneske og samfunnsborger., finn mange det rett å vere med på. Også i dag. Vi er gjerne ikkje i mål. Men kven er vel det.....

Så langt om skipingåret 1956.

Så har eg tekje for meg litt av det materiale som Peder Myrstad Olav Pileberg og Ingjerd Asbjørnsen samla inn til festskriftet i 2006. Og frå møtereferata nemner eg:

Tanken om eige klubbhus blir nemt 20/9-57. Men..... Blir lagt vekk. "Tilbodet om å få halde til i Sparebanksalen med **gratis hus, ljøs varme** opplevdes nok som fullgodt.

Referat 6/6 -58 "Bedriftsbesøk om bord i Brand 4. Enkelte av medlemene som var "sjøsvake" var redd for at båten stakk til havs.

Nytt, orginalt Rotarymeke v/ Ingmar Relling en nemt i møtereferat 11/7 -58.

Referatet frå møte 29/5-59 seier: "Møtet var reservert opplesing av månadbrev frå andre klubbar. For det meste tungt og turt stoff".

Så på møte den 22/1-60 foreslår Martin Ekornnes at ein skulle starte opp med R.3 min. (dette blei tydeleg vis tekje godt opp.Og det er seigliva og er eit fast innslag den deg i dag)

Yrkesorientering blir første gong nemt i referatet 3/6 -60. Og Rotaryklubben stiller med 8 personer til formålet.

Korleis skifte pakkningar i vannkraner lærde Øysten Uri frå seg på møte 19/8 -60. Alle fekk sin vannkrane,og fekk prøve seg.

Anna Eidsvik Tandstad er den første kvinnlege kåsør i klubben den 28/11-60. "husmorlønn" var bl.a. tema.Vidare skilnader i omgangtonen mellom folk i Norge og USA. Husmorlønn blei mottekje med blanda kjensler i klubben, og ga oppstarten til ein etterfylgjande humørfylt diskusjon.

Nye songbøker (det vi i dag ser på som den litt aldrande Mads Berg si bok)blir presenterte av Martin Ekornnes den2/2 -60 Så står det vidare at det var første gongen det var song på eit vanleg R. møte

Vi får på møte den 2/6-61 ein talarstol i gåve frå Stranda R.klubb. Og det er presidenten i Stranda-klubben som har med seg denne gåva. Og ber samtidig fram ei takk for at ein i Sykkylven R.klubb tok på seg oppgåva å vere fadderklubb for Stranda.

Gåva blei velbrukt. Først i 28/4-2004 blei den avløyst av ein flott talerstol designa og i hovesak laga av klubbmedlemet Kjell Heggdal.

Den 9/2-62 tok ein av medlemane i klubben til orde for å setje stopp for pengeinnsamlingar til 50-60 åringar. Det får halde med blomster på slike dagar. "Klubben har viktigare oppgåver en å samle inn pengar til 50-60 åringar vart det sagt. Og slik blei det.

30/3-62 tek Bernt Tandstad ordet "på 2 sekunders varsel". Fordragshaldar denne kvelden kom for sein til ferga..... Nytt frå landbruksveka blei godt referert av Bernt. Levande og utan pause skriv referent.

22/6-62 Skal R.klubben stille fotball- lag under St.Hans feiringa? Få frivillige.... Ø.Uri som kaptein peika myndig ut lag,og tok ikkje eit nei som svar. Møtereferenten lar det skine i gjennom at det var usikkert om dei utpeika ville stille opp. Seinare referat omtalar ikkje noko kampresultat.....

I møtereferat 29/5-64 er Lånastova nemt første gong.

Dette blei til eit stort prosjekt for klubben, og er nemt i mange referat seinare. (Klubben kan vere stolt av dette prosjektet meiner eg)

14/8 var det tilskipa fisketur til Hellesylt. I eratet står det at det var ein "Stor opplagd fisketur" Men den største fisken var 20 cm. Referenten meiner likevel at turen var vellukka. Grunnlaget for å sei det var mottakinga på Hellesylt. Og att kaffien var god.

8/1- 65 blei møtestatistikken for andre halvår 64 gjennomgått. Berre ein hadde 100% frammøte i denne perioden. Dei andre medlemene i klubben blei bøtelagd med kr.1 for kvart fråverande møte. Det blei i frå kr.1 – kr. 11

20/5-65 , 20/5-67,6/6-69,8/8-73.26/6-74,4/8-76,17/11-76 er Boen omtala eller har gjesta klubben. Hans store innsats og rausheit for speiderrørsla som Speiderbo er et levande bevis for, må nemnast ein slik kveld.

8/8-66 Kan referenten fortelje at Rotaryklubben gjennom desse ti åra har hatt ein frammøteprosent på 89 !

To Rotaryklubbar i Sykkylven ? Dette var tema på R.møte 11/7-69 Med 5 nye medlemmer kvart år blei det fort ein stor,kanskje for stor klubb. Det var likevel få som var for å dele klubben. Ein kunne regulere størrelsen på klubben med å ta inn 2 medlemmer pr år,vart det sagt. Og det blei konklusjonen.

1/8-69 hadde presidenten lagt opp til å diskutere emnet "Hvilken oppfatning har klubben om samfunnets viktigste behov"? Medlemene protesterte mot temaet. Dei meinte det var" for varmt i veret" til å diskutere så tungt stoff. Dette blei tatt til fylgje,og programmet vart endra til å fortelje om fiskeopplevingar denne sommeren. Frå referatet kan vi sjå at fiskeintressa i klubben var stor. Her er nemt 30 storsei på frå 10-16 kg . Og gjennomsnitt på laksen hos ein av fiskarane var 7 kg

12/9.69 Referer ein til at klubbmedlem Arnold Weiberg Aurdal er innvalgd på Stortinget.

28/8-74 Den dagen kunne ein referere til at det var kjørt til eit billass med næver til Lånastova.

17/3-75 Får vi vite at Karstein Oddmund Vik er nominert som distriktsguvernør.

7/7-76 er det 20 års jubileum i klubben.!.president Moritz Bendiksen gir eit attersyn. Karstein Oddm.Vik snakker om kvinner i Rotaybevegelsen. Første gong dette er nemt i referata.

7/9-77 er det kollisjon mellom R. møte og landskamp i fotball Norge-Sverige. Presidenten er redd for frammøte og får ordna til eit TV apparat. Dette redda kvelden.(Og statistikken)

21/9-77 KOViker blitt distriktsguvernør og vitjar klubben. Den 31/8-81 blir KOVik utnemd til den første Paul Harry Fellow i klubben.

21/7-82 Presidenten opplyser at Per Langeland har 100% frammøte, 7. år på rad. President Vinje etterlyste annan form for statistikk: Og opplyste deretter at antal topplause på strendene i Spania I hadde auka frå 20-80% Han ville imidlertid ikkje gjere greie fro kva han hadde tala frå.

18/8-82 Kjem der ein Rotary utvekslingsstudent på besøk. Thersa Maria Dodge er frå USA. Ho skal bo hos familiane Straumsheim og Ystenes. Ho er den første av mange som vi seinare har hatt på besøk.

3/12-86 Kan referenten fortelje om julegran ved sjukeheimen. Det er første gongen, det som no har blitt ein tradisjon i klubben. Sverre Ripe,Jostein Gjerde og Bjarne Brekke blir nemde her i oppstarten.

6/5-87 overrasker Asjørn Loland klubben med å gi bort ei flott presidentkjede.Han hengde den rundt halsen på presidenten. "Presidenten som etter kvart fekk tilbake mål og mæle takka so for den flotte gåva" står det i referatet.

21/9-88 Her fortel Bjarne Brekke at han tenkjer på eit "Haugneset Vel" som bl.a.kan rydde turstier i dette vakre området

I febr. 89 orienterte Presidenten i klubben om at det "på overodna plan" var vedtekje at klubben kunne ta opp kvinner som medlemmer.

Hausten 93 blei besøkstenesta ved BUAS "sparka i gang. Presidenten og kanskje fleire var lei av å høyre at der var eit "pengegnål" i klubben. Besøkstenesta var noko heit anna. Her gir du av deg sjølv i "beste Rotaryånd" . Denne besøkstenesta har synt seg slitesterk og er av dei områda som klubben jamt held fram med.

6/10-93 Var temaet "fordeler og ulemper med kvinner i Rotaryklubben". 6 grupper uttalte seg om dette på møtet denne kvelden. Resultatet var at 12 argumenterte for kvinner i klubben, og 5 hadde moment i mot. 3 år seinare vart den første kvinna tekjen opp

1/12-93 Starta "Visestafetten" opp. 1. mann ut er Per Inge Haugen. Han i lag med 30 andre plukka ut sine favorittsangar . Stafetten danna seinare grunnlaget for Rotarysongboka.

August 1996 får Marianne Haugen Georgiastipendet

Same året blir Lise Løseth klubben sitt første kvinnelege medlem

I 1998 støtter klubben aktiviteten alternativ Rus(s) Her har ,nå innkomande president Steven Blindheim, vore sentral heilt fram til i dag.(17 år) Klubben har får påskjøning utanfrå for dette tiltaket .

21/7-99 er frammøteprosenten det farne Rotaryåret var på året 69,2

12/3 -2000 lensmannsbetjent Gridset fortel om rus og rusmidlar. På slutten av møtet vart det demonstrert korleis til dømes Hasj lukter når det blei påtend. Det er første gongen medlemene i Sykkylven Rotaryklubb kjem ut frå møtr med ei slik lukt i kleda.

August 2000. Sykkylven R.klubb får programmet **fram** i tid , skriftleg. Nokre er skeptiske på dette. Vil nokre "sile ut " programkveldar " ?blei det spurd om.

20/3 2002 Eit ekstraordinært lotteri vert starta til innkjøp av gitar. Dette førde med seg at lotteriet kom på verseføter. Og i det eine versetstår det: **Klubben inviteres til lotteri og gambling. Der ein kan vinne rariteter og unyttige ting. Sagt direkte og uten pynt og dressing, så er det snakk om pengeutpressin g.** Gitar blei det.

15/12-2004 Marta Rieber Roald blir votert inn som klubbens første kvinnlege president.

Så langt Peder Mystad mfl. Sine notater.

Kva kan så nemnast av hendingar etter 2004; og kanskje også før den tid; som bør takast med i kveld? At Sykkylven Rotaryklubb så godt som nokon R.klubb driv sitt arbeid i tråd med lover og dei rundskriv som vi i rikeleg monn kjem oss i hende, får vi årleg stadfesta gjennom besøk frå distriktsguvernøren. Og frå han har det vanka mange godord. Eg meiner likevel å at det er verdt å nemne; i stikkord form ,dei prosjekt dei flotte prosjekta som vi er med på ,eller har vore med på:

RYLA, Dugnad på Speiderbo og i kyrkjeparken, Prosjekt Filipinene v/May Britt Tynes der vi gjer" vin om til vatn", besøkstenesta BUAS, Georgiastipendet.1xPileber3xHaugen, Polio Plus, Utvekslingsstudentar, Afrika engasjement.

Festskriftet frå 2006 tek elles føre seg på ein framifrå måte klubben sin medverknad på desse områda og andre.

EPILOG

I eit attersyn som dette er der stort behov for å avgrense stofftilgangen. Eg kjem likevel ikkje utanom det å nemne desse sentrale karane i klubben si historie: KOVIK, BTandstad, P Langeland og P Hjorthol.

K O Vik: Du kunne merke den krafta han strålte ut når han snakka om Rotaryrørsla. Og det smitta. Karstein fortalde meg ein gong om korleis han klarde 100% oppmøte etter ein ferietur i Jugoslavia. Han møtte lokalt i ein klubb etter vårt møte . Og han møtte i ein annan klubb etter heimkomsten før vår møtedag. Han fekk ,som vi har høyrte, det høgste tillitsvervet i distriktet vårt;distriktsguvernør . Han er nok den som i vår klubb har lagt ned størst arbeid for klubben og Rotaryrørsla.

Bernt Tandstad: Der er nokre tre i skogen som rager høgare enn andre ,sa Per Inge Haugen om han. Ein Rotaryaner som gå store bidrag til klubblivet. Med sin forteljerevne og sitt gode humør blei der eit tomrom etter han.

Petter Hjorthol: Han betydde mukje for meg -,skal vi kalle det ideolog ? ” Med si framferd og gode Rotaryinnstilling var han eit føredøme for mange.

Per Langeland: Her er det serdeles vanskeleg å fatte seg kort..... Per var fadder for meg i klubben og vi fekk lov å dele tankar om Rotaryrørsla. Og når eg blei teken opp i klubben var han snarleg frampå om at møteplikt som oftast blir omforma til eit møtebehov. Per var viktig for Rotaryrørsla og Rotaryrørsla var viktig for Per. Det kan ikkje seiast på annan måte om ein mann som hadde 100% framfmøte i 8 år. For sitt virke som ” postopnar” i 43 år og elles stort samfunnsnyttig arbeid, fekk han også Kongens fortjenestemedalje .

I kveld er det grunn til å takke desse serskilt. Men du gode rotaryvenn: Med ditt møte med meg onsdagskveldane har eg på eiga hand lært at klubben og rørsla også i kvardagen er verdifull.